

# **KYRKJEBLADE**

**FOR VAKSDAL PRESTEGJELD**

Nr. 2.

PÅSKE 1988

42. årg.



Altarbilete frå Dale kyrkje. Måla av Hugo Lous Mohr.

## Påsketida då alt vert snudd på hovudet. Oppstoda - ei utfordring til deg!

- Påska er tida då alt vert snudd på hovudet! - Det er Jens-Petter Johnsen som seier dette. Til dagleg er han generalsekretær i Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag, ein organisasjon som arbeider for at den kristne ungdomen skal bli ståande i trua på Jesus Kristus, og for at nye skal koma til tru.

- Påske er tida då menneska set seg til domarar over Gud ved at dei krossfestar Guds Son.

- Påske er tida då Gud tilgir menneska i staden for å straffa dei, ved at Gud let Jesus sona vår skuld på krossen. Og påske er tida då livet vinn over døden ved at Jesus står opp frå dei døde.

**KVIFOR ER PÅSKA SÅ VIKTIG  
I DEN KRISTNE TRU?**

**Gud har makt over døden.**

- Av di den kristne trua er heilt avhengig av at oppstoda er eit faktum. Dersom Jesus ikkje har stått opp, er trua vår til fânyttes. Men oppstoda syner at Gud har godkjent Jesu død som ei soning for mi synd, og den syner at Jesus er Guds Son.

**Gir von utover døden.**

- Kva tyder påska for deg personleg?  
- Heile livet mitt er avhengig av Jesu oppstode, eg har satsa både privatlivet og yrkeslivet mitt på det. Det viktigaste for meg er at oppstoda gir meg von utover døden, og at når eg sjølv står framfor døden, kan tru at det er eit liv etter dette. Oppstoda syner at Gud har makt til å vinna over det som er umogleg i denne verda, og det gir von i vår situasjon.

- Oppstoda er ei utfordring til alle som seier at dei ikkje kan tru. Dersom oppstoda er sann, er det umogleg å ikkje tru, seier Jens-Petter Johnsen.



Kristelig Pressekontor.

Kvar kan vi lesa om Jesu død og oppstode? Jau, i slutten av dei fire evangelia i Bibelen, til dømes i 1. Korintarbrev 12. kap..

Elles er boka "Dagen da døden døde" av Michael Green (Credo Forlag) ei svært aktuell bok. I denne populære boka tek forfattaren for seg påskeforteljingane og vurderer dei slik som ein domar veg for og imot ei sak.

## JESUS LEVER... KAN VI VIRKELIG TRO DET?

**«Han sto fram for dem etter sin lidelse og død og ga dem mange klare bevis for at han levde.» (Ap.gj. 1. 3.)**

Lukas sier i begynnelsen av sitt evangelium at han «nøye har gått gjennom alt fra begynnelsen av» og tatt vare på det som er skjedd «slik vi har fått det overlevert av dem som helt fra først av var øyenvitner og Ordets tjener.»

### FORSKJELLIGE FRAMSTILLINGER

Ved slutten av sitt evangelium har han forsøkt å gi en sammenfatning av hendelsene etter oppstandelsen. Johannes forteller langt mer utførlig. Han holder seg for det meste til sine minner og har bevart mange detaljer som vi ellers ikke kunne ha visst noe om.

Lukas bare nevner noen hendelser som Johannes forteller langt mer utførlig om, f.eks. hvordan Peter skyndte seg til graven. Lukas nevner ikke engang Johannes. Men han mente ikke at Peter gikk alene til graven. Det kan vi se litt lenger fremme i fortellingen om vandringen til Emmaus. Kleopas sier der «noen av dem som var med oss, gikk bort til graven».

### OVERRASKELSE OG FORVIRRING

Hendelsene på påskemorgen kom helt overraskende. Det hersket oppstandelse og forvirring. Menneskene løp om hverandre, til og fra graven. Vitnene opplevde hver sin del av begivenhetenes gang. Maria Magdalena hadde sin historie å fortelle. Peter og Johannes hadde sett saken hver på sin måte. De andre kvinnene hadde tydeligvis ikke sett alt på en gang. Noen av dem kunne fortelle om en ung mann i hvite klær inne i graven. Andre har fortalt om to menn som sto foran dem i skinnende klær. Slik er det alltid når

øyenvitner forteller om en overraskende hendelse der tingene raskt avløser hverandre. Alle har ikke sett alt. Tidsfølgen får en prøve å rekonstruere etterpå. Men nettopp variasjonene viser at vi har med øyenvitner å gjøre. Om alle fortellingene stemte overens, kunne man være fristet til å tro at de var konstruert og tilrettelagt.

### FRA TVIL TIL TRO

Slik det nå er, har vi mulighet for å oppleve hele forbauselsen, oppstandelsen, forvirringen og tvilen på påskemorgen. Og derfor også den overveldende gleden når det «gjennom mange sikre bevis» viste seg å være sant at Jesus var oppstått fra de døde. Her er



ikke spørsmål om spekulasjoner. Heller ikke om forhåpninger hos disiplene som skulle ha gjort dem tilbøyelige til å se syner eller tro på løse rykter. De var like lite som oss i stand til å tro på at noen kunne stå opp fra de døde. De var virkelighetsmennesker, men nettopp derfor ble de overbevist av virkeligheten og kunne si: Herren er virkelig oppstått. Det kan vi alle vitne om.

Børn: — Jeg takker deg, Herre Jesus for dine disiplers tvil og for at vi får vite så mye om dem. Da de første gang fikk høre om din oppstandelse, trodde de jo det var løst prat. Selv om du hadde fortalt dem at det skulle gå slik. Når de hadde så vanskelig for å tro og likevel kunne bli så fast overbevist, så må det jo finnes håp for oss med all vår tvil. Din sannhet og din virkelighet er så mye større enn alt som måtte stille seg i veien for dem.

Vi tenker, mener, underer og gjetter, men du er den du er, og din virkelighet kan ingen endre. La oss møte den, se den, overvinnes og overbevises av den, så vi kan gjøre som dine første disipler, som sto fast i sin bekjennelse like inn i døden.

**Bo Giertz.**

## JEG HAR EN VENN

Jeg har en venn som har gitt sitt liv  
for at jeg skal få leve.  
Det finnes intet alternativ,  
det nytter ikke å streve;  
fordi jeg lever så milevidt  
ifra Guds vilje med livet mitt  
fikk jeg dommen, slik lød den:  
Du skal dømmes til døden.

Denne dommen er absolutt  
og jeg kan ikke anke.  
Men når jeg innser at alt er slutt  
har Gud en frelsende tanke:  
Til jorden sender han Jesus som  
tar på seg både min skyld og dom,  
og når han drepes uskyldig  
blir min dødsdom ugyldig.

Tenk jeg skal ikke dø fordi  
Jesus døde i stedet!  
All min dødsangst er nå forbi,  
den er byttet med glede.  
Ja, Jesus hjelpt meg å klart forstå  
at det livet jeg lever nå  
det er ditt liv alene,  
det er deg jeg skal tjene.

★

**DET ER ÉN GUD  
OG ÉN MELLOMMANN  
MELLOM GUD  
OG MENNESKER:  
MENNESKET  
JESUS KRISTUS,  
SOM GAV SEG SELV  
SOM LØSEPENGE  
FOR ALLE.**

Gud, til deg stiger vår bønn opp.  
Til oss strømmer din kjærlighet ned.  
Gjør vår bønn like ivrig som din kjærlighet.

(Etter Milnes-White-Briggs)



## JESUS

i Ditt navn er  
tilgivelse for  
mine synder.



Gud, til deg stiger vår bønn opp.  
Til oss strømmer din kjærlighet ned.  
Gjør vår bønn like ivrig som din kjærlighet.

(Etter Milnes-White-Briggs)

Astrid Vik, Stamneshella, har sendt dette diktet til kyrkjebladet. Det er syster hennar, Malmfrid Åsmundstad, f. Solhaug, som har skrive diktet. Ho var fødd i Stamnes januar 1908. Ho var busett i Fåvang, der ho døyde juledag 1986 og vart gravlagd ved Ringebu kyrkje 2. januar 1987.

## ØNSKEDIKTET

Og snart kommer Jesus i himmelens sky.  
En jord og en himmel skal skapes på ny.  
Han kommer og henter sin dyrkjøpte brud  
og frir oss fra trengslene ut!


Min tro har jeg bygget på Golgatas verk.  
Om enn den er liten, så er den dog sterkt,  
for Jesus har gitt meg sitt levende ord.  
Han frelser hver synder som tror.

I verden jeg har hverken rist eller ro.  
En fremmed jeg er, men jeg eier den tro  
at Jesus meg leder ved hånden så trygt.  
Hans ord er mitt lys og min lykt.

Og da skal vi synge i himmelens kor,  
og glemt er de sorger vi hadde på jord.  
Vi synger og jubler i englenes lag.  
Å tenk for en herlig dag!

En reise vi gjør ifra vugge til grav,  
og ofte den går over solskimret hav,  
og også i iver der bølgene slår,  
men Jesus ved roret står.

Malmfrid Åsmundstad.



## Ei teikning som talar.

Sjå godt på denne teikninga. Ser du noko rart med den? Noko som er uvanleg med måten dei ber på?

Teikninga er henta frå "Godt Nytt" – den siste utgåva av det nye testamentet. Den er plassert ved orda som Paulus skreiv: "Ber børene for kvarandre, og oppfyll på den måten Kristi lov." Gal. 6.2.


Ingen av dei som er teikna, har nok med seg sjølv. Alle hjelper til med å letta børa for den som er framfor.

I påsken får vi høyrer om kva Jesus har bore for oss. Han bar vår skuld og straff på krossen. Fra då av kan alle menneske få leggja syndene sine av hos Jesus og få dei tilgjevne. Dessutan tek han imot våre daglege suter.

Når Jesus har bore slike bører for oss, skulle ikkje vi då kunna hjelpe kvarandre?

*Jesus som tolvåring i templet*

Kvar år før foreldra åt Jesus til Jerusalem for å halda påske. Og då han var tolv år, drog dei som vanleg dit opp til høgtida. Men då høgtidsdagane var til ende og dei skulle fara heim, vart Jesusbarnet verande att i Jerusalem, og foreldra hans la ikkje merke til det. Dei tenkte han var med i ferda-følgjet, og før ei dagsreis fram og leita etter han mellom skyldfolk og kjenningar. Som dei no ikkje fann han, før dei attende til Jerusalem og leita etter han der.




Tre dagar etter fann dei han i templet. Der sat han midt imellom lærarane og lydde på dei og spurde dei. Og alle som hørde på han, undra seg over kor vitug han var og kor godt han svara. Då foreldra fekk sjå han, vart dei mest frå seg av undring, og mor hans sa: «Korleis kunne du gjera dette mot oss, barnet mitt? Far din og eg har leita etter deg og vore så redde.» Men han svara: «Kvífor leita de etter meg? Visste de ikkje at eg lyst vera i huset å Far min?» Men dei skjøna ikkje kva han meinte med dette.

Så vart han med dei heim til Nasaret og var lydig mot dei. Men mor hans gøynde alt dette i hjarta sitt. Og Jesus gjekk fram i alder og visdom, og var til hugnad for Gud og menneske.

Gjengitt etter "Bibelen for små og store"  
Copyright: Det Norske Bibelselskap

**BARNESIDE****KONGEN JESUS!**

Hugsar du den dagen Jesus kom riðande på eit esel? Du kan lesa om det i Matteusevangeliet 21. Alle var glade og ropte fine ord til Jesus. Dei kasta palmegreiner og klede på vegen der Jesus kom. Dei ville at Jesus skulle vera kongen deira. Folket trudde at Jesus skulle vera ein vanleg konge i deira land. Jesus er konge, men ikkje ein slik konge som kong Olav og andre kongar her på jord. Jesus er ikkje konge i eit spesielt land. Jesus er konge i Guds rike. Det betyr at han er konge for dei som trur på han. Han vil vera din og min konge. Jesus ønskjer å styra ditt og mitt liv. Du synes kanskje det høyres rart ut at Jesus vil bestemma over livet ditt. Det er det beste for oss å la han bestemma. Jesus vil oss nemmeleg det aller beste. Han vil leda oss til himmelen.



**OPPGÅVE :**  
Set bokstavane på kvar grein i rett rekkefølge. Dette er dei to første linjene i ein song.  
Kva song er det?  
(Du får hjelpe av tala.)  
**Svar:**

Lukke til med oppgåva og fargelegging av teikninga!

**GOD PÅSKE**

Reidun Skurtveit

## "GOD PÅSKE" FAMILIEBOKEN FRA FASTELAVN TIL VÅR

Dette er ei heilt ny bok som er komme ut på Aschehoug Forlag, samla og redigert av Sigrun Nygaard Morriggi.

Det er ei sers vakker og fengslande bok for både små og store. Her er samla det meste av tradisjonane som er knytta til faste og påske. Her er ei mengd med stoff, noko nytt og noko gammalt, som er med på å streka under og utdjupa det særskilde ved denne tida.

"GOD PÅSKE" er på same tid ei praktisk handbok og ei bok til å samlast om.

- Her finn vi kjende påskeforteljingar og legendar, songar, salmar, viser og vers.
- Tro og overtro, karnevalsmasker og -kostymar.

- Oppskrifter på påskerettar.

- Aktivitetar og leikar inne og ute.

Vi møter forfattarar som Selma Lagerlöf, Leo Tolsto, Jo tenfjord, Britt Hallquist, Anne Cath. Vestly, Astrid Lindgren, Tove Jansson m.fl..

Her er gode forteljingar som born og vaksne kan dela saman, vakre bilete og teikningar å gleda seg over, og mange aktivitetar som ein kan pusla med åleine eller saman med andre.

Her er mykje stoff som ein kan ha glede av i lang tid, ikkje berre nett i samband med faste- og påsketida. Pris på boka er kr.109,-.

RT

### Kristi tårers blomst

Bakom vinterens kulde og sne finnes ei land der det alltid er vår. Det er blomstnes hjemland, derifra er de kommet, alle på sitt vis og med sin historie.

Men én blomst kom ikke sammen med de andre. Derfor finner du den ikke på engen blant de mange lystige som ler mot solen. Litt avsides står den, liksom for seg selv under trekronenes skygge. Står som i eftertanke. Kanskje tenker den over hvordan den selv ble til?

Det var da Frelseren hang på korset. Da rant det tårer fra øynene hans. Ned under korset rant de, og der gav de liv til jorden. En blomst med hvite klokker langs bøyd stengel vokste opp, liksom draper.

Til vanlig kaller vi blomsten liljekonvall, – den kunne også hete Kristi tårers blomst.

Roten er som menneskenes tro. Den holder fast i livets grunn. Det grønne skuddet er som håpet, det strekker seg opp mot lys og luft. Blomsten gir oss kjærlighetens bilde, – en kjærlighet som er blitt ren i sorgens bad.

Dan Lindholm



Frå boka: "GOD PÅSKE".  
Familieboken fra fastelavn til vår.

## Vi noterer oss ....

### Sportsandakt Palmesundag i Bergsdalen på Lid

Palmesundag har bergsdølingane det årlege klubb-rennet sitt. I samband med dette, vert det før rennet ei sportsandakt ved res.kap.Norum kl.12.30.

Det er høye for dei som er interesserte, å gå til Skimerket. Det er 5 km for damer og 10 km for menn.

### Konfirmasjons- gudstenester

DALE	8.mai
VAKSDAL	8.mai
STAMNES	15.mai
NESHEIM	15.mai
EIDLSDAL	29.mai
BERGSDALEN	5.juni

### BISPEVISITAS

Vi minnar om at biskop Per Lønning kjem på visitas til Vaksdal prestegjeld i slutten av april.

Det er enno uvist om visitasen skal starta 20. eller 21.april. Visitasgudstenesta vert i Dale kyrke sundag 24.april.

Nærare program for visitas-dagane kjem i lokalpressa.

«Alle syndere som det refereres til i denne prekenen er oppdiktede personer. Enhver likhet med medlemmer i denne menighet er rent tilfeldig og utilsiktet.»



- Vi holdt på å syng «Jesus elsker meg», da det plutselig slo ned i meg:  
- MEG - fullstendig håpløse, gamle MEG!

150 kroner er nok til mat for en familie i Etiopia i én måned.

 Postgiro 100  
Bankgiro 100


**KIRKENES NØDHJELP**  
Postboks 5868 HEGDEHAUGEN, 0308 Oslo 3

SLEKTERS GANGDøypteDALE

21.02 Rebekka Hesjedal  
21.02 Martha Carina Hirth Fenne  
21.02 Kristine Kvam  
21.02 Linn Svensson

VAKSDAL

28.02 Christoffer Hernes Bøthun

Barneblad i gave

Mange klagar over at borna får mykje negativ påverknad gjennom massemedia. Du kan motverke det med å gje borna eit abonnement på eit barneblad: KOM OG SE (Misjonsskapet, postboks 226, 4001 Stavanger), NYE GLIMT (Santalmisjonen, postboks 6886, St. Olavsplass, 0130 Oslo 1), BLÅVEISEN (Norsk Luthersk Misjonssamband, Grensen 19, 0159 Oslo 1), NORSK SØNDAGSSKOLEBLAD (Norsk Søndagsskoleforbund, Hedmarksgate 15, 0658 Oslo 6).

TENÅRINGSBLADER: NY HORIZONT (Postboks 226, 4001 Stavanger) og UNGDOM OG TIDEN (Grensen 19, 0159 Oslo 1)..

AvlidneDALE

15.02 Anna N.Helle f.1890  
22.02 Albine Vaksdal f.1903  
29.02 Elisa Hole f.1896

EKSINGEDELEN

18.02 Kari Flatekval f.1898

STAMNES

08.02 Brita Stamnesfet f.1897  
12.02 Magdeli Hagen f.1896

VAKSDAL

28.02 Marie Høisæter f.1929

15.mai - 6.sundag etter påske.

STAMNES kl.11.00 Konfirmasjonsgudst.  
v/rk.Norum.Offer til Stamnes Ugd.kor.

NESHEIM kl.11.00 Konfirmasjonsgudst.  
v/sp.Meidell.Offer til Fagertun.

17.mai - Grunnlovsdagen.

DALE kl.9.30 Fam.gudst.v/sp.Meidell.  
Offer til Misjon bak jernteppet.

VAKSDAL kl.9.30 Fam.gudst.v/Norum.  
Offer til Søndagsskulen.

STAMNES kl.12.00 Fam.gudst.v/Meidell.  
Offer til Det Norske Misjonsselskap.

EIDLSDLAND kl.12.30 Fam.gudst.v/Norum.  
Offer til "Liljekonvallen".

**VELKOMEN TIL KYRKJE**27.mars-Palmesundag

NESHEIM kl.11.00 Familiegudsteneste  
v/sp.Meidell.Offer Kirkens Nødhjelp.

BERGSDALEN kl.12.30 Sportsandakt  
v/rk.Norum.

31.mars - Skirtorsdag.

DALE kl.11.00 v/rk.Norum.Nattverd.  
Offer Kirkens Nødhjelp.Kyrkjesskyss.

BERGSDALEN kl.11.00 v/stud.prest  
J.H.Gulbrandsen.Nattverd.Offer til  
Kirkens Nødhjelp.

STAMNES kl.19.00 v/rk.Norum.Nattverd.  
Offer til Norsk Lutherisk Misjonssamband.

1.april - Langfredag.

VAKSDAL kl.11.00 v/rk.Norum.Offer til  
Nordhordland Indremisjon.

EKSINGEDELEN kl.11.00 v/sp.Meidell.  
Nattverd.Offer til Kirkens Nødhjelp.

STANGHELLE kl.18.00 v/rk.Norum.Offer  
til Dei fire Diakoni-institusjonane.

3.april - 1.Påskedag.

DALE kl.11.00 v/sp.Meidell.Offer til  
Det norske Misjonsselskap.Kyrkjesskyss.

VAKSDAL kl.11.00 v/rk.Norum.Offer til  
Misjon bak jernteppet.

NESHEIM kl.11.00 v/St.Markus ungd.kl

BERGSDALEN kl.20.00 Lekmannsgudst.v/Bir-  
keland ungd.klubb.

4.april - 2.Påskedag

STAMNES kl.11.00 v/rk.Norum.Offer til  
Kirkens Nødhjelp.

EIDLSDLAND kl.11.00 v/sp.Meidell.Offer  
til Kirkens Nødhjelp.

10.april - 1.sundag etter påske.

DALE kl.11.00 v/rk.Norum.Nattverd.  
Kyrkjesskyss.

17.april - 2.sundag etter påske.

VAKSDAL kl.11.00 v/sp.Meidell.Nattverd.  
Offer til Soknerådet.

EKSINGEDELEN kl.11.00 v/rk.Norum.

STAMNES kl.19.00 v/rk.Norum.Nattverd.  
Offer til Det Norske Misjonsselskap.

24.april - 3.sundag etter påske.

DALE kl.11.00 VISITASGUDSTENE  
V/BISKOP PER LØNNING.Offer til Bjørgvin  
Bispedømmerådog Bjørgvin Stiftssenter.  
Kyrkjesskyss.

1.mai - 4.sundag etter påske.

DALE kl.11.00 v/sp.Meidell.Offer til  
Bedriftsmisjonen.Kyrkjesskyss.

VAKSDAL kl.11.00 v/rk.Norum.Offer til  
Kristne arbeideres Forbubb.

EIDLSDLAND kl.17.00 v/rk.Norum.Offer til  
Soknerådsarbeidet.

8.mai - 5.sundag etter påske.

DALE kl.11.00 Konfirmasjonsgudsteneste  
v/sp.Meidell.Kyrkjesskyss.

VAKSDAL kl.11.00 Konfirmasjonsgudst.  
v/rk.Norum.Offer til nytt orgel.

BERGSDALEN kl.20.00 v/sp.Meidell.  
Nattverd.

12.mai - Helgetorsdag.

VASSBAKKENSTEMNA I STAMNES kl.11.00  
for heile prestegjeldet.Meidell og Norum.

## AAN rådgjeving for gravide

Dei som går med born og er i ein vanskeleg situasjon, kan no få hjelp ved eit nystarta kontor i Bergen. AAN tyder "Alternativ til abort, Norge." Dei gjev rådgjeving og praktisk hjelp. Adressa er Strandgaten 6. Telefon 32 56 77

## KIRKENS SOS

Er du i en vanskelig situasjon og har behov for noen å snakke med? Ring 23 30 80. Åpent hver dag fra kl 19.00 til 07.00



## Har du bil?

Ta andre med deg når du kører til kyrkje!!!



## Vaksdal prestegjeld

Sokneprest:  
Inge Christian Meidell  
tlf. 59 61 20

Res. kap.:  
Kjell Arne Norum  
tlf. 59 70 88

Hugs, måndagen er presten sin fridag!

Kontorassistenten kan treffast på kontoret på Dale måndagar kl 10-13, tlf. 59 61 20



### SLÅ PÅ TRÅDEN

eller send meg nokre ord om du har stoff til neste nummer.  
Frist for innlevering av stoff er 1.mai.

Tove Margrete

Utgjevar: Sokneråda. Bladpengar: kr. 50.- (eller meir)

Postgiro 5 72 34 73 Bankgiro 3500:50.13117

Bladstyrar: Tove Margrete Nordmark, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 59 72 01

Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 59 72 32

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese, tlf. 05 - 55 50 45

Retur til Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese